




Innbyggjarundersøking

Seljord kommune 2023-2024





1. Bakgrunn



Foto: Kasper M. de Thurah

1.1 Bakgrunn

Denne rapporten viser resultata frå ei spørjeundersøking utført blant innbyggjarar i Seljord kommune.

Seljord kommunen er ein av dei seks kommunane som utgjer regionen Vest-Telemark i Telemark fylkeskommune. Undersøkinga blei i utført i perioden mai 2023 til og med januar 2024.

Undersøkinga er utført i samband med at kommunane i Vest-Telemark arbeider med å kvalifisera seg til merkeordninga «Berekraftig reisemål» for første gong. Merkeordninga er utvikla av Innovasjon Norge og er eit verktøy for reisemål som ønsker å arbeide systematisk og langsiktig med berekraft i reiselivet.

I Vest-Telemark er det Vest-Telemarkrådet som eig prosjektet *Merket for Berekraftig reisemål*. Visit Telemark er prosjektansvarleg.

Undersøkinga blei distribuert på fleire ulike vis. Kommunen sine nettsider og Facebook-sider blei nytta. Styringsgruppa sine medlemmer oppfordra familie, vene, kollegaer og kjente til å svare.

Totalt har 66 personar svara på dei 26 spørsmåla i undersøkinga. Tal frå SSB viser at det er 2992 innbyggjarar i Seljord kommune¹. Det vil seie at 2,2% av innbyggjarane i kommunen har svara på undersøkinga.

Det er eit krav i merkeordninga om å utføre innbyggjarundersøking kvart 3. år.

På den måten kan ein sjå på utviklinga over tid. Spørsmåla vil følgjeleg vere dei same frå gong til gong, men justeringar må reknast med. Nokre spørsmål er obligatoriske for å kunne svara på indikatorar i merkeordninga. Den totale innsikta som undersøkinga gjev oss er viktig for vidare utvikling av reiselivet i



Definisjonen av ein gjest:

Fritidsinnbyggjarar blir rekna som *gjester* slik som andre turistar. I denne undersøkinga blir både eigarar av fritidsbustader i Seljord kommune og den meir tradisjonelle turisten definert som gjester.

I tillegg til innbyggjarundersøking er det utført to forskjellige undersøkingar: Gjesteundersøking (for turistar som ikkje eig eigen fritidsbustad i Seljord kommune/Vest-Telemark) og Fritidsbustadundersøking (for eigarar av fritidsbustad i Seljord kommune/Vest-Telemark).

Me vil rette ein stor takk til alle innbyggjarane som har teke seg tid til å svare på undersøkinga.

¹ Tal frå SSB 2023K3

1.2 Introduksjon

Seljord kommune har mange campingturistar og fleire store festivalar og arrangement (t.d. Countryfestivalen og Dyrsku'n), som trekk turistar til bygda.

Tal frå 2022 viser at reiselivet si verdiskaping var på 45 mill. kroner.³

Det er 1457 fritidsbustader i Seljord kommune. Tal frå 2022 viser at det var 168 000 gjestedøgn i fritidsbustader og 87 092 kommersielle overnattingar.⁴

Kommunane i Vest-Telemark er forskjellige i forhold til turisme og reiseliv. Dette er ein rapport for Seljord kommune. Det blir laga ein rapport pr. kommune i Vest-Telemark, i tillegg til ein for Vest-Telemark som samla reisemål.

^{2,3} Tal frå Reiselivsstrategi for Vest-Telemark 2023-2033 s. 35



Totalt 66 personar svara på undersøkinga. Av totalt 2992 innbyggjarar i Nissedal kommune utgjer det om lag 2,2% av alle innbyggjarane i kommunen.

Med utgangspunkt i eit konfidensintervall⁴ på 95% får me ein feilmargin på 12%. Feilmarginen beskriv i kva grad me kan forvente at svara i undersøkinga speglar heile populasjonen. Til dømes betyr det at om 60% har svart ja på eit spørsmål kan me med 95% sikkerheit gå ut frå at mellom 48% og 72% av den generelle populasjonen meiner at svaret er ja.

⁴Les meir om konfidensintervall her: <https://no.surveymonkey.com/mp/margin-of-error-calculator/>





2. Om respondentane



Foto: Tom Verner Karlsen


2.1 Demografi

Kjønn:


- 60,6% av respondentane er kvinner
- 37,9% av respondentane er menn
- 1,5% ønsker ikke å svare på spørsmålet

Alder:

- 12,1% er i aldersgruppa 18-29 år
- 16,7% er i aldersgruppa 30-39 år
- 24,2% er i aldersgruppa 40-49 år
- 21,2% er i aldersgruppa 50-59 år
- 16,7% er i aldersgruppa 60-69 år
- 4,5% er i aldersgruppa 70-79 år



Figur 1: Kva er ditt kjønn? (N = 66)



Figur 2: Kva er din alder? (N = 66)

Av alle respondentane i Vest-Telemark som svara på undersøkinga kjem 8,1% frå Seljord kommune:

Respondentar frå andre kommunar utgjer:

Vinje kommune 39,0%

Fyresdal kommune: 13,5%

Tokke kommune 12,3%


Kviteseid kommune: 12,1%

Nissedal 10,5%


Kvar i Seljord kommune bur du:

- 59,1% svara Seljord
- 28,8% svara Flatdal
- 4,5% svara Åmotsdal
- 7,6% svara «anna» og spesifiserer bl.a.:

Svartdal og Manndal




Figur 3: Kva kommune i Vest-Telemark bur du i? (N = 813)



Figur 4: Kvar i Seljord kommune bur du? (N = 66)

På spørsmål om kva kategori innbyggjar respondenten er, svarer:

- 45,5% at dei er tilflyttar
- 30,3% at dei alltid har budd i kommunen
- 21,1% har flytta attende til kommunen
- 3% «Anna»



Figur 5: Kva for ein kategori innbyggjar er du? (N = 66)




3. Reiselivet si betydning



Foto: Kasper M. de Thurah

På spørsmål om reiselivet i kommunen er viktig med tanke på arbeidsplassar og næringsutvikling, er:


- 92% heilt eller delvis einige
- 5% delvis ueinige



Figur 6: Reiselivet er viktig for Seljord kommune med tanke på arbeidsplassar og næringsutvikling? (N = 66)

På spørsmål om reiselivet i kommunen er viktig med tanke på befolkningsutvikling, er:

- 76% heilt eller delvis einige
- 8% heilt eller delvis ueinige



Figur 7: Reiselivet er viktig for Seljord kommune med tanke på befolkningsutvikling? (N = 65)

På spørsmål om reiselivet gjer Seljord kommune til ein meir attraktiv kommune å bu i, er:


- 80% heilt eller delvis einige
- 11% heilt eller delvis ueinige

På spørsmål om reiselivet bidreg til eit godt teneste- og kulturtilbod for innbyggjarane, er:


- 69% heilt eller delvis einige
- 12% heilt eller delvis ueinige

På spørsmål om reiselivet i Seljord kommune gjer at dei som bur der har fleire serverings- og fritidstilbod, er:


- 66% heilt eller delvis einige
- 20% heilt eller delvis ueinige



Figur 8: Reiselivet gjer Seljord kommune til ein meir attraktiv kommune å bu i? (N = 66)




Figur 9: Reiselivet bidreg til eit godt teneste- og kulturtilbod for innbyggjarane? (N = 66)



Figur 10: Reiselivet i Seljord kommune gjer at me som bur her har fleire serverings- og fritidstilbod? (N = 66)

På spørsmål om reiselivet gjer respondenten stolt av å bu i Seljord kommune, er:


- 63% heilt eller delvis einige
- 11% heilt eller delvis ueinige



Figur 11: Reiselivet gjer meg stolt av å bu i Seljord kommune? (N = 66)

På spørsmål om reiselivet er viktig for utvikling av bygdene i Vest-Telemark, er:

- 89% heilt eller delvis einige
- 8% heilt eller delvis ueinige



Figur 12: Reiselivet er viktig for utvikling av bygdene i Vest-Telemark? (N = 66)




4. Vurdering av tal besøkande



Foto: Thomas Petterson

- 7,5% meiner det er litt for mange av **fritidsbustadbefolkinga**. 45,5% meiner det er akkurat passe.
- Ingen meiner det er litt for mange eller altfor mange **dagsturistar**. 25,8% meiner det er akkurat passe.
- 4,5% meiner det er litt for mange eller altfor mange **bilturistar**. 36,4% meiner det er akkurat passe.
- 10,6% meiner det er litt for mange eller altfor mange **bubilturistar**. 48,5% meiner det er akkurat passe.
- 9,1% meiner det er litt for mange eller altfor mange **campingturistar**. 48,5% meiner det er akkurat passe.
- 4,5% meiner det er litt for mange eller altfor mange **motorsykkelturistar**. 43,9% meiner det er akkurat passe.
- Ingen meiner det er litt for mange eller altfor mange **gruppereiseturistar**. 33,3% meiner det er akkurat passe.



Figur 13: Korleis vurderer du antal hytteturistar, dagsturistar, bilturistar, bubilturistar, campingturistar, motorsykkelturistar og gruppereisande? (N = 66)




5. Besøkande i framtida



Foto: Kasper M. de Thurah

På spørsmål om korleis respondenten ønsker at utviklinga av tal besøkande skal sjå ut i framtida svarer:

- 30% at dei ønsker det skal bli mange fleire
- 58% at dei ønsker det skal bli nokon fleire
- 8% at dei ønsker det skal bli som i dag
- 2% at dei ønsker det skal bli nokon færre
- 3% at dei ønsker det skal bli mange færre




Figur 14: Når du ser framover i tid, korleis ønskjer du at antal besøkande skal utvikle seg der du bur? (N = 66)

Av dei som svara at dei ønsker *fleire* besøkande, ønsker:

- 77,2% fleire besøkande heile året

Av dei 3 som svara at dei ønsker *færre* besøkande, ønsker:

- 100% færre besøkande heile året



Figur 15: Du ønskjer at det skal bli fleire besøkande. Meiner du då heile året, eller frå tid til annan (for eksempel i turistsesongen)? (N = 57)



6. Reisemålsutvikling og berekraft



Foto: Morten V. Pettersen

Kor einig eller ueinig er du i følgjande påstand:


Naturen og miljøet blir teke vare på i reiselivsutviklinga i kommunen.

- 62% er heilt eller litt einige
- 17% er heilt eller litt ueinige
- 21% er nøytrale


Kor einig eller ueinig er du i følgjande påstand:

Kulturen og historia blir teke vare på i reiselivsutviklinga i kommunen.

- 83% er heilt eller litt einige
- 14% er heilt eller litt ueinige
- 3% er nøytrale



Figur 17: Naturen og miljøet blir teke vare på i reiselivsutviklinga i kommunen?
(N = 66)



Figur 18: Kulturen og historia blir teke vare på i reiselivsutviklinga i kommunen?
(N = 66)

Figur 19: Kor einig eller ueinig er du i at innbyggjarane blir teke vare på i reiselivsutviklinga i kommunen?


52% er heilt eller litt einig, 20% er heilt eller litt ueinige

Figur 20: Kor einig eller ueinig er du i at økonomien til dei lokale bedriftene blir teke vare på i reiselivsutviklinga i kommunen?


44% er heilt eller litt einig, 7% er heilt eller litt ueinige

Figur 21: Kor einig eller ueinig er du i at dei besøkande blir teke vare på i reiselivsutviklinga i kommunen?


71% er heilt eller litt einig, 8% er heilt eller litt ueinige



Figur 20: Økonomien til dei lokale bedriftene blir teke vare på i reiselivsutviklinga i kommunen? (N = 66)



Figur 19: Innbyggjarane blir teke vare på i reiselivsutviklinga i kommunen? (N = 66)




Figur 21: Dei besøkande blir teke vare på i reiselivsutviklinga i kommunen? (N = 66)

Kor einig eller ueinig er du i følgjande påstand:

Å fokusere på ei berekraftig utvikling er viktig.

- 71% er heilt einige
- 11% er litt einige
- 17% er nøytrale




Figur 22: Å fokusere på ei berekraftig utvikling er viktig? (N = 66)

Kor einig eller ueinig er du i følgjande påstand:

Seljord kommune framstår som eit reisemål med fokus på berekraft.

- 37% er heilt eller litt einige
- 23% er heilt eller litt ueinige
- 41% er nøytrale




Figur 23: Seljord kommune framstår som eit reisemål med fokus på berekraft? (N = 66)

Kor einig eller ueinig er du i følgjande påstand:

Dei besøkande er gode til å ta omsyn til lokalbefolkningsa.

- 57% er heilt eller litt einige
- 20% er heilt eller litt ueinige
- 33% er nøytrale




Figur 24: Dei besøkande er gode til å ta omsyn til lokalbefolkningsa? (N = 66)

Kor einig eller ueinig er du i følgjande påstand:

Dei besøkande er gode til å ta omsyn til naturen og miljøet.


- 46% er heilt eller litt einige
- 22% er heilt eller litt ueinige
- 33% er nøytrale



Figur 25: Dei besøkande er gode til å ta omsyn til naturen og miljøet? (N = 66)

Kor godt tykkjer du at besøkande blir behandla i Seljord kommune?

- 21% svarer svært bra
- 58% svarer bra
- 15% er nøytrale
- 2% svarer dårlig
- 5% svarer at dei ikkje veit




Figur 26: Kor godt tykkjer du at besøkande blir behandla i Seljord kommune? (N = 66)

Dette er eit av to obligatoriske spørsmål i merkeordninga *Berekraftig reisemål*:

Kor einig eller ueinig er du i følgjande utsegn:

«Seljord kommune kjennest overfylt fordi det er for mange turistar her?»

- 59% er svært ueinige
- 14% er litt ueinige
- 18% er nøytrale
- 5% er litt einige
- 5% er svært einige



Figur 27: Kor einig eller ueinig er du i følgjande utsegn: «Seljord kommune kjennest overfylt fordi det er for mange turistar her?» (N = 66)



7. Fritidsbustader



Foto: Fred Olav Svartdal


Kor einig eller ueinig er du i følgjande påstandar knytt til fritidsbustader?

Fritidsbustadbefolkninga gjev viktige inntekter til den lokale handelstanden, handverkarar m.m.


- 83% er heilt eller litt einige
- 5% er litt ueinige
- 12% er nøytrale

Fritidsbustadbefolkninga er viktige ressursar og ambassadørar for kommunen

- 72% er heilt eller litt einige
- 11% er heilt eller litt ueinige
- 17% er nøytrale



Figur 28: Fritidsbustadbefolkninga gjev viktige inntekter til den lokale handelstanden, handverkarar m.m.? (N = 66)




Figur 29: Fritidsbustadbefolkninga er viktige ressursar og ambassadørar for kommunen? (N = 66)

Kor einig eller ueinig er du i følgjande påstandar knytt til fritidsbustader?

Det er rom for å byggje fleire fritidsbustader i kommunen.


- 69% er heilt eller litt einige
- 20% er heilt eller litt ueinige
- 11% er nøytrale



Figur 30: Det e rom for å byggje fleire fritidsbustader i kommunen (N = 66)

Det er viktig å få meir heilårsbruk av fritidsbustadene.

- 72% er heilt eller litt einige
- 8% er heilt eller litt ueinige
- 20% er nøytrale



Figur 31: Det er viktig å få meir heilårsbruk av fritidsbustadene? (N = 66)




8. Haldning til reiselivet



Dette er det andre av dei to obligatoriske spørsmåla i merkeordninga *Berekraftig reisemål*.

Kva er di haldning til reiselivet der du bur?

- 65% er positive
- 14% er litt positive
- 14% er nøytrale
- 8% er litt negative



Figur 32: Kva er di haldning til reiselivet der du bur? (N = 66)